



**Sigdal-  
Eggedal**

**SKOGEIERLAG**

## Årsmelding frå Sigdal - Eggedal skogeigarlag 2023

Styret i arbeidsåret har vore sett saman av:

- Leiar: Per Lyder Frøvoll
- Nestleiar og skrivar: Leiv L. Nergaard
- Kasserar: Aase Lene Eckhoff
- Styremedlem og studieleiar Per Green
- Styremedlem: Endre Tovsrud

Varamedlemmar

- Terje Blekaberg Kaasa
- Lasse Stæhr

Styret har hatt fem møte, fire av dei fysiske og eitt på teams. I tillegg har det vore ein god del samordning og anna arbeid via epost. Styremedlem i Viken Skog, Lars Fredrik Stuve har vore til stades på to av dei fysiske møta

### Representasjon

Dei omfattande vindfallhogstane i 2022 resulterte i at laget vårt hadde to årsmøteutsendingar i meldingsåret. Dei to var Leiv L. Nergaard og Per Lyder Frøvoll som deltok både på det ordinære årsmøtet, det ekstraordinære årsmøtet og haustmøtet i Viken Skog SA. På det ekstraordinære årsmøtet ga styret og leiinga i Viken Skog ei grundig orientering om industriprosjektet med Billerud på Follum. Dette møtet kom i stand gjennom initiativ frå laget vårt.

Leiv L. Nergaard har vore skogeigarlaget sin representant i styret for Sigdal Utvikling AS, og etter generalforsamlinga i juni har han vore styreleiar i selskapet. Per Lyder Frøvoll har representert skogeigarlaget i dei regionale leiarmøta i Viken Skog SA og andre tilskipingar.

### Deltaking i Sigdal Utvikling AS

Sigdal-Eggedal skogeigarlag er ein av fem «stiftande organisasjonar» i Sigdal Utvikling, og laget har krav på plass i styret. Leiv L Nergaard har hatt denne plassen, og etter generalforsamlinga som styreleiar. Sigdal Utvikling AS har også ein medlemsorganisasjon, iSUM der deltakarane er grupperte etter «interesseforum». Den 19. juni skipa «Interesseforum for jord og skog» til eit møte med tittelen «Når jord og skog møtes». Det var gode innleiingar, og trass i ei tradisjonelt vanskeleg årstid møtte det fram heile 45 tilhøyrarar.

## Situasjonen i skogen

Opprøddinga etter vindfellingane har halde fram også i meldingsåret. Men nå ser vi etter kvart ei ny utfordring: I område med mykje vindfall er det store skader etter angrep av stor granborkbille. Ein våt ettersommar bremsa skadeomfanget. Men kjem det ein turkesommar nå, må vi vera klare til å auke hogsten att. Viktig å følge nøye med utover vår/forsommar slik at vi får ut angripne tre før fyrste generasjon klekker og flyg ut for å angripe nye tre.

## Nye «naturtypar» etter DN – håndbok nr 13

I sommar fekk vi melding om at et var registrert veldig mange ny naturtypar i bygda vår etter metodikken i DN – håndbok nr 13. Dette er ein unøyaktig metodikk som skal fasast ut og ertstattast med NiN (Natur i Noreg). Difor hadde registrantane fått frist til sist sommar med å levere det dei hadde. Og det gjorde dei. I rikt monn. Meir enn 200 nye «naturtypar» verdsett til «A» eller «B». Mykje av dette var gamle observasjonar, nokon 20 – 30 år attende i tid. Kravpunkt nr 22 i Norsk PEFC skogstandard krev likevel at det skal vurderast om det må etablerast ein eller fleire nøkkelbiotopar innanfor slike område før hogst. Vurderinga skal gjerast av «person med skogbiologisk kompetanse». Dette skulle sjølvstøtt vore gjort før vi fekk ny skogbruksplan, slik at dei kunne blitt vurdert saman med dei naturtypane som allereie var registrert. Nå lagar dei «nye» kartfestingane mykje ekstraarbeid for oss.

Løysinga kan vera å gjennomføre eit nytt «prosjekt» for slikt utval. Det vart informert om dette i eit skogeigarmøte i oktober, og i haustmøtet vårt i desember vart det gjett klarsignal om å setta i gang. Styret i skogeigarlaget er takstutval for det nye prosjektet.

## Andre aktiviteter som styret i laget har drivi med for bygda og andelseigarane:

- Møte:
  - Årsmøte 15. mars på Frydheim.
  - Temamøte før årsmøtet med PEFC. Guttorm Tovsrud innleia til diskusjon om lokka hogst.
  - Møte/PEFC - kurs på Folkemusikksenteret. 70 framømte. Oppfølging med synfaringar i mindre grupper utetter sommaren. Dei som fullførte både «innekvelden» og «utedagen» oppfyller det nye kravert i PEFC for å få stå ansvarleg for eiga skogsdrift. Den fysiske innekvelden var opphaveleg rigga for teams. Men etter påtrøkk frå Sigdal – Eggedal skogeigarlag vart det skipa til som fysisk møte. Seinare har fleire andre lag teke etter denne modellen.
  - Møte om dei nye «DN – håndbok nr 13» - naturtypane med Kvalitets – og miljøsjef i Viken Skog Diana Eckert på Folkemusikksenteret 24. oktober. 80 framømte.
  - Haustmøte på Frydheim 4. desember. Skogbrukssjef Halldis Linde Lie orienterte om planene for eit felles prosjekt om dei nye naturtypane. Ingen i salen sa seg ueinige i dette. Vidare snakka ho om framlegget om å utvide minstearealet for å felle elg. Styremedlem i Viken Skog SA, Lars Fredrik Stuve la fram tankar om fotosyntesa og skogen i det grøne skiftet og bokskrivar Guttorm Tovsrud fortalte om brøtningen i bygda og den nye boka om dette temaet utgjett av Sigdal museum. 70 framømte
- Brev:
  - 21. januar til styret i Viken Skog SA om verknadene av industrietableringa saman med Billerud på Follum og behov for å styrke eigenkapitalen i Viken Skog.
  - 21. januar til Midtnett om (skog) – brannvern.

- 21. januar til styret i Viken Skog SA med ønske om å styrke det næringspolitiske arbeidet i Skogeigarforbundet.
- 8. mai til dagleg leiar i Viken Skog, Tor Henrik Kristiansen med spørsmål om å kunna gjennomføre PEFC- møtekveld i form av fysisk møte
- Anna:
  - Med - tilskipar av skuleskogdagar for barneskulane fordelt over to dagar.
  - To kurs i for nye skogeigarar med m.a. forklaring av omgrep og bruk av skogbruksplan.
  - Stand med informasjon og spørja-konkurrans om skog på Bygdedagen.
  - Sendt svar på høyring om nytt krav for minsteareal for felling av elg

### Årsreknskap for Skogeigarlaget

Styret foreslår for årsmøtet at overskotet for året 2023 disponerast slik:  
Overførast til eigenkapitalen i Sigdal og Eggedal skogeigarlag kr 10 128,15

### Tømmersal og andelseigarar

I Sigdal og Eggedal var det 261 andelseigarar og av desse er det er 100 som har levert tømmer i 2023.

Tømmersal og prisar dei siste åra er:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Avvirkning i kbm	54475	51450	63427	65914	50725	62253	62535	45 060	48 479	119 948	64439
Bruttoverdi i mill kr	16,2	17,9	21,4	22,1	17,7	25,2	26,7	16,4	21,7	57,0	33,3
Gj.sn. tømmerpris	298	348	337	336	349	405	427	363	448	475	516

Styret i Sigdal – Eggedal Skogeigarlag vil takke skogbruksleiaren vår, Julie Baalerud Sand for godt arbeid i 2023.

Stad: Eggedal .....

Dato: 5/3-2024 .....

*(Handwritten signatures)*  
 Per Gyder Ervold  
 Endre Torsrud  
 Per Green